


## DAGTILBOD SJUKELEG OVERVEKT AVDELING MOA

Tilbudet vert gitt til vaksne (18-60 år) med komplekse, langvarige tilstander som etter utredning ved spesialavdeling har funnet å kunne nyttiggjere seg rehabilitering. Det vil vere eit gruppebasert dagtilbod med moglegheit for individuell tilrettelegging. Fordelt over tre år.

Målet er at pasientane skal oppnå ei varig livsstilsendring og oppretthalde eller komme tilbake til arbeid ved å redusere følgjetilstandar grunna overvekt. Samt bedre fysisk og psykisk helse, og sosial deltaking.

Tilbudet vert gitt av tverrfagleg team som består av 7 faggrupper; legespesialist i indre medisin og lungemedisin, psykologspesialist, fysioterapeut, ergoterapeut, sjukepleiarar, idrettspedagog, arbeidskonsulent og bachelor i ernæring. Fleire har vidareutdanning innan kognitiv terapi og motiverande intervju.

Tilbudet inneheld variert fysisk aktivitet og undervising i gruppe og individuelt. Endringsarbeid med fokus på bevisstgjerjing, motivasjon, meistring av utfordringar i dagleglivet, erfaringsutveksling, psykisk helse, sjølvbilete og familie/besøksdag. Kosthald med tema som sunt kosthald, individuelle samtalar, praktisk matlaging, måltidsrytme, mat og følelsar. Arbeidsdeltaking med fokus på at pasientane skal kunne behalde eller auke eksisterande arbeidsforhold, eller bli i stand til å skaffe nytt. Fysisk aktivitet som til dømes treningscenter og uteaktivitet. Fokus på kondisjon, styrke, bevegelsesglede og treningslære.



Overføring og samhandling med aktuelle aktørar vil vere sentralt.

Sjukehusavdeling kan henvise direkte til Muritunet.

Fastlege eller legespesialist henviser til overvektspoliklinikk på Ålesund sjukehus, som så henviser vidare direkte til Muritunet.

Ved ønske om ytterlegare informasjon om tilbudet ta kontakt med Inntakskontoret ved Muritunet. Tlf: 70258400.